



Arkivsaknr: 2025/13653-1
Sakshandsamar: Irene Nærbø Wilhelmsen
Avdeling: Veg og VA forvaltning

SAKSFRAMLEGG

Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	03.12.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Temaplan for trafikktryggleik i Alver kommune 2026-2030 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 31.01.2026.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Temaplan for trafikk sikring 2026-2030 har vore utarbeida av Norconsult AS i samarbeid med vegforvaltninga i kommunen. Planen er no klar for intern og ekstern høyring.

Saksopplysningar

Temaplan for trafikktryggleik er ein del av Alver kommune sin planstrategi og skal vere ein del av kommunen sitt eige planverk. Temaplan for trafikktryggleik er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i trafikken ligg til grunn i alt arbeid med trafikktryggleik. Målet med planen er følgjande:

Alver kommune skal førebyggje trafikkulukker og sikre at kommunen tek omsyn til trafikktryggleik i sitt virke. Det skal vere trygt å bevege seg i lokalmiljøet både som fotgjengar, syklist, med kollektivtransport og med køyretøy.

Handlingsplanen er i temaplanen delt i 3 delar; haldningsskapande arbeid, fysiske tiltak og oppfølging av nasjonal tiltaksplan.

Det handlingsskapande arbeidet består av prosjekt og kampanjar som allereie vert utført i dag, eller det er ønske om å utføre for å auke trafikktryggleiken.

Fysiske tiltak består av konkrete fysiske tiltak som Alver kommune ser for seg kan prioriterast å gjennomføre, eller få i gangsett i planperioden. Særleg tiltak langs skuleveg og rundt skular er viktige område å satse vidare på.

Fysiske tiltak som er tatt med i planen, er samla ut i frå innspel frå innbyggjarane i Alver kommune hausten 2024. I innspelsrunden kunne innbyggjarar sende innspel om trafikkfarlege punkt og strekningar. Det blei oppretta ei eiga kartløyising der innspela vart samla inn og samstundes kartfesta. Det vart registrert rundt 300 innspel innan fristen. Alle innkomne innspel er gjennomgått, samla og kategorisert dei ut i frå eit sett med kriteria for vurdering. Innspela er samla under handlingsplan del 2.

Del 3 inneheld ein handlingsdel for Alver kommune sin oppfølging av nasjonal tiltaksplan.

Sakshistorikk

Planperioden for gjeldande plan for trafikktryggleik, «Temaplan for trafikksikring i Alver kommune 2020-2022», gjekk ut i 2022.

Arbeid med ny «temaplan for trafikktryggleik» starta i 2024 og er planlagt for planperioden 2026-2030.

Vurdering

Plan for vidare framdrift:

- Høyringsperioden er planlagt fram til 31.01.2026.
- Februar 2026: Gjennomgang av og arbeid med innspel, samt ferdigstilling av planen.
- Mars 2026: Endeleg politisk handsaming.

Det er både nasjonale og regionale føringar om at alle kommunar bør ha ein eigen plan for trafikktryggleik. Alver kommune har valt å utarbeide planen som ein temaplan for perioden 2026-2030.

Det kostar å gjennomføre fysiske tiltak og kommune har behov for midlar. Det er mogleg å søke tilskot gjennom ulike tilskotsordningar for trafikktryggleik. Alle slike tilskotsordningar krev at tiltaket er forankra politisk og at kommunen har ein godkjent plan for trafikktryggleik. Det er difor viktig for Alver kommune å ha ein gjeldande temaplan.

Økonomiske konsekvensar

Temaplan for trafikktryggleik legg ikkje direkte føringar for handlings- og økonomiplanen for Alver kommune. Tiltak blir prioritert ut frå gjeldande budsjett.

Kommunen kan søke om tilskot til gjennomføring av tiltak og i enkelte tilfelle også prosjekteringsmidlar.

Kommunedirektøren si tilråding

Temaplan for trafikktryggleik i Alver kommune 2026-2030 vert lagt ut på høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 31.01.2026. Innspel som kjem inn i høyringsperioden vil bli vurdert og eventuelt lagt til/endra i plan før endeleg politisk handsaming og godkjenning.

Vedlegg

- 1 Temaplan for trafikktryggleik 2026-2030
- 2 Delområde_A_farge_20251114_v1
- 3 Delområde_B_farge_20251114_v1
- 4 Delområde_C_farge_20251114_v1